

Referat møte Cittaslowrådet 30.08.2022 kl 19.00 – 21.00

Kantina på Sentrumsbygget

Desse møtte:

Frå Ulvik herad: Mona H Hellesnes

Frå kultur: Haugesenteret - Geir Netland (rådsleiar)

Frå Undervisning: Brakanes skule – Anne Hjelmevoll

Frå frivillige lag og organisasjonar: Ulvik idrettsråd – Hulda R. Thorbjørnsen

Frå Hardanger produksjonsskule – Håkon Gjerde

Frå Ulvik bygdekvinnelag – Solgunn Wiik Bjørke

Frå Ulvik ungdomsråd - Johanna Hjeltnes og Simen Bakkan

Frå Ulvik næringslag – Anders Kristoffer Oppheim

Forfall:

Landbruk – Stein Olav Kolås, Ulvik barnehage – Sonja Haugland, Slowfood Hardanger - Jorid Lekve Eide

Saksliste

1. Referat frå førre møte, 31. mai

Referatet vart godkjent, med følgjande merknader:

- Nordisk nettverkssamling i 2023 i Ulvik vert 6. – 9. juni.
- Planlegging av samlinga vert utsett til eit seinare møte. Rådsleiar og sekretær får fullmakt til å utarbeide eit programutkast som vert lagt fram for rådet som grunnlag for diskusjon.

2. Rapport frå «Våg deg med» aktivitetsdag i Holmen 28. august

Nestleiar i Idrettsrådet, Hulda R Thorbjørnsen, informerte. Dagen vart gjennomført i strålende ver, med 9 lag representert. Det kom om lag 200 besøkande, med 655 aktivitetsregistreringar. Arrangementet har definitivt blitt ein suksess, og er ein flott måte å synleggjere aktivitetstilbodet i Ulvik på. Det var mykje born og familiar, men ein saknar meir deltaking frå ungdom. Det blir eit mål for neste års arrangement som blir siste laurdagen i august, som i år.

3. Oktobertorg-helg, planlegging og organisering

Oktobertorg-helga er 31. september til 2. oktober. Den vert planlagt etter same mal som tidlegare, men endeleg i «fullskala» som i 2019. Mona hadde laga eit utkast som rådet gjekk igjennom, der tidspunkt og avklaringar vart lagt til. Det var gjennomført eit planleggingsmøte med arbeidsgruppa 24. august, og avklaringar frå det møtet var lagt inn i planen.

Aktivitetar i regi av Cittaslowrådet:

- Eigen stand, der Mona, Hulda og alle andre i rådet som kan, blir med
- Eplekakekonkurranse med jury: Pål Drønen, Frode Halvorsen og Johanna Hjeltnes (ungd.rådet). Innlevering kl 11, premierung 12.30 Må skaffe fine premiar. Mona sjekker premiar, Geir kontaktar aktuelle jurymedlemmar
- Oktobertorg: Mona sender ut invitasjonar med påmelding til turistkontoret (visitulvik@ulvik.kommune.no) Det er gratis stand, men mat, drikke og andre lokale produsentar blir prioritert. Vi ønskjer ikkje «ballongar og plastikk» Sjekk Reko-ringen for aktuelle utstillarar.
- Heradet tar kostnaden med plakatar, og desse blir laga og sendt ut so snart som råd. Same mal som i 2019. Mona følgjer opp.

- Ønskjeleg med meir telt og benkar/bord til kafédelen på torget. Anders sjekkar teltet til SPV.
- Dersom koret skal synge treng vi scene og lyd. Anne sjekkar skulen sin flyttbare scene. Turistkontoret har høgtalar og ordnar mikrofon.

4. Aktivitetar i haustferien

Sekretær spelte inn ønskje om å få til litt aktivitet i haustferien (veke 41), og utfordra aktuelle verksemdar på kva ein kan tilby.

Innspel i møtet:

- Lesestund for born i småskulen på Haugesenteret
- Sjakk på biblioteket
- UIL, aktivitetar i hallen
- Turlaget, dagsturhytta, eit arrangement
- Bogeskyttarlaget
- Lyden av Ulvik?

Forslaga blir følgt opp med førespurnad til dei det gjeld.

5. Sertifisering av Cittaslow-bedrifter

Det har komme søknadar frå Hjørnevik Vedlikehald og service, Hardanger basecamp og Strand Fjordhotel. Etter å ha fått tilsendt meir informasjon, kan leiar og sekretær tilrå at desse vert sertifisert.

Vedtak:

1. *Søknadane vert godkjende og verksemdene vert sertifiserte Cittaslowbedrifter*
2. *Utdeling av plakett finn stad på Oktobertorget, ved Ulvik Cittaslow sin stand*

6. Nytt frå heradet

Sekretær informerte om følgjande:

- Ulvik herad og Eidfjord kommune, saman med Fjord Tours Group og private aktørar skal etablere selskapet «Book Hardanger» i haust. Det vil bli eit viktig bidrag til auka sal av reiselivstilboda i Hardanger.
- Budsjettarbeidet startar opp i einingane i september, med økonomiplanseminar for heradsstyret 14. september.
- Reguleringsplan for nytt bustadfelt på Skeie/Hjelmevoll er ute på høyring. Planen skal vedtakast før jol, og då er vi eit steg nærare fleire bustadtomter. Det er lagt opp til at to av tomtene kan byggast ut av ein utbyggar som står for sal av ferdig bustad.

7. Open post

Håkon informerte om dei store rehabiliteringsprosjekta som er, og skal, starta opp på Hjeltnes. Fylkeskommunen si eigedomsavdeling har lagt planar og starta opp arbeidet med oppgradering av internatet, og vidare skal heile gulebygningen bli ny innvendig. Det er og fleire andre bygg i tunet som skal oppgraderast. Dette er eit stort og viktig løft for vidare satsing på Hjeltnes og eit viktig signal om at skulen har ei framtid!

Neste møte blir 8. november kl 19. Det er sendt ut kalenderinnkalling.

Referent:

Mona H Hellesnes
Sekretær Cittaslowrådet